



VALPROGRAM FOR 2023-2027

Ullensvang
Arbeidarparti

Innhold

Oppvekst, barn, ungdom og utdanning	5
Næring	6
Kraft og industri	7
Fruktdyrking, landbruk, skogbruk og fiskeoppdrett	8
Samferdsel	9
Kultur, idrett, natur, klima og miljø	10
Bustadpolitikk	11



Ullensvang - Friluftshovudstaden, Industrikommunen og Noregs frukthage



Kjære veljar!

Vårt mål er velferd og god omsorg for alle innbyggjarane i Ullensvang kommune.

Vi vil gje gode og desentraliserte tilbod og tenester.

Vi vil ha heiltidskultur i Ullensvang kommune.

Det skal vera like moglegheiter for alle. Vi vil satsa både på sentrum og bygdene for å ta heile kommunen i bruk!

Barn, unge, eldre og pleietrengande skal få tenester ut frå sine behov. Vi vil utvikla kommunen til å bli ein attraktiv kommune å bu i for store og små. Vi vil arbeida og leggja til rette for å auka folketalet. Vi skal vidareutvikla ein vekstkraftig og sterk kommune, med vekt på å styrka verdiskapinga og fellesskapet.

Kommunen skal vera ein JA-kommune! Innbyggjarar og næringsliv skal bli møtt med god kvalitet og rask sakshandsaming. Vi stiller opp for næringslivet! Vi vil satsa på bærekraftig industri, landbruk, havbruk, skogbruk, reiseliv og frukt. Vi vil sikra god tilrettelegging for eksisterande og nye bedrifter. Vi legg FNs bærekraftsmål til grunn for vårt arbeid.

Arbeid til alle er viktig. Ungdommar skal få læreplassar. Vi er, og skal framleis vera blant dei beste lærlingkommunane i landet. Vi skal satsa på entreprenørskap.

Omdømmet til Hardanger og Ullensvang kommune er svært godt, og vi skal halda fram med å framsnakka våre gode kvalitetar.

Godt val!

Helse og omsorg

Arbeidarpartiet vil arbeida for gode helse – og omsorgstenester for alle livsfasar og i alle delar av kommunen. Pleietrengande skal raskt få tilpassa bustad, omsorgsbustad eller sjukeheims plass når det trengs. Vi skal sikra full legedekning, god legevakt, rus- og psykiatritenester. Omsorgstrappa med tilpassa heimebaserte tenester står sentralt i vår politikk. Vidare skal ein ha nødvendig tilgang på bufellesskap og gode bustadar for innbyggjarar med nedsett funksjonsevne. Det grunnleggjande i heile tenesta skal vera å førebygga framfor å reparera.

Ullensvang Arbeidarparti vil gå til val på:

- å styrka lokalsjukehuset, til dømes høyresentral.
- å leggja til rette for gode desentraliserte jordmor – og helsesjukepleiartenester.
- å ikkje privatisera velferdstenestene.
- å styrka barne- og ungdomspsykiatrien.
- å satsa på sunn og næringsrik mat på institusjonane våre.
- å jobba for heilskapleg tannhelsetilbod i kommunen.
- å satsa på velferdsteknologi i Ullensvang kommune, slik at tilboda vert sterkare både heime og på institusjon. Folk skal få verktøy som let dei ha størst mogleg herredøme over eige liv.
- å gje folk meningsfulle liv, og kvalifisera dei for jobb. Arbeidstrening skal stå i sentrum.
- å framleis vera gode på å ta imot flyktningar og få dei godt integrert.
- å fremma helse og trivsel. Aktivitørar vil vera et viktig verktøy.
- å satsa på kreftomsorga, med sterke målsettingar og eigen kreftkoordinator. Vi skal delta i kreftforeininga sine satsingar hjå kommunane og delta i "Stafett for livet."
- å leggja til rette for omsorgsbustader og rusta opp kommunale bustader.
- å ta i bruk alle sjukeheims plassane våre, samt sikra nye



Oppvekst, barn, ungdom og utdanning

Ullensvang kommune skal vera ein trygg, god og attraktiv plass å veksa opp. Vidaregåande skule skal ha tilbod som passar til behov, ynskje og evne, samt sikra kompetanse som arbeidsgjevarane i regionen treng. Vi skal forsterka opprustinga av leikeplassar, idrettsanlegg og bygg.



Ullensvang Arbeidarparti går til val på:

- nulltoleranse for mobbing!
- auka grunnbemanning
- å satsa på tidleg innsats og tilpassa opplæring for at barn og unge skal oppleva meistring.
- å arbeida for gode skular og barnehagar der alle får utvikla ferdigheitene sine med tilpassa opplæring i eit heilskapleg opplæringsmiljø.
- å arbeida mot barnefattigdom
- aktiv og god SFO-ordning som også bidrar til god integrering.
- å ha gode rammer for fysisk fostring i skule, SFO og barnehage.
- at det skal vera god symjeopplæring i dei mange bassenga våre.
- å bygga ut Odda folkebad. Og ha ope bad heile sommaren
- å arbeida for innføring av gratis barnehage og SFO.
- å rusta opp leikeplassar.
- større fokus på vedlikehald. Mellom anna rusta opp Odda barneskule og Eitrheimsvågen barnehage.
- at tilsette i barnehage og skule skal få den etter - og vidareutdanning dei treng for god undervisning.
- å arbeida hardt for godt linjetilbod på vidaregåande skule.
- å sikra ungdommen trygge og gode møteplassar for fritidsaktivitetar og idrett. Vi vil rusta opp Oddahallen og andre fritids - og idrettsanlegg, til dømes ballbingar, krossbanen, og go-kart banen.
- å støtta arrangement der ungdommen i kommunen kan møtast, t.d. 16. mai arrangementet i Kinsarvik.
- å ha minst 30 lærlingar i Ullensvang kommune.
- at det ved anbod skal leggjast vekt på lærlingordningar.
- at offentlege bygg i større grad kan nyttast av innbyggjarane, som t.d. open skule ved Odda vgs.

Næring

Ullensvang Arbeidarparti vil ha ein offensiv og profesjonell kommune i næringslivssaker. Vi skal lytta til næringane og følgja utviklingsprosjekt tett opp. Vi stod i bresjen for ei god ordning med straumstøtte til verksemdar, og vil også finna gode løysingar i framtida. I Ullensvang skal bærekraftig turisme skapa verdiar og arbeidsplassar lokalt. Smelteverka våre er i gang med store utvidingar. Arbeidarpartiet vil leggja aktivt til rette for satsing på kraftforedlande industri lokalt og nasjonalt. Vi skal gjera det vi kan for produksjonsauke og konkurransekraft. Kommunen har ei mengde små og mellomstore bedrifter som vi har hatt mykje kontakt med. Vi skal arbeida for å leggja til rette for at dei får vidareutvikla seg, samt leggja til rette for nye bedrifter.



Ullensvang Arbeidarparti går til val på:

- å tilrettelegga for dei kraftforedlande industribedriftene i kommunen.
- å satsa på ny industri med rein kortreist kraft!
- å satsa på hydrogen i industri og samferdsle.
- å vera ein kommune med målretta ressursar som støttar og legg til rette for gründerar og nye verksemdar.
- å leggja til rette for verdiskaping i heile kommunen.
- å sikra rask behandling av reguleringsplanar og byggesaker.
- å vidareutvikla partssamarbeidet og visa godt samarbeid med dei tilsette.
- å arbeida for eit betre rutetilbod som vil gje verdifulle pakketurar og opplevingar.
- å sikra auka hotellkapasitet.
- at Folgefonna skal bli eit sterkare bærekraftig turistmål.
- at Dronningstien, Buførevegen og Munketrappene i framtida kan bli sterke ikon som Trolltunga.
- å halda fram arbeidet med å gjera Smelteverkstomta til eit flott senter i den nye kommunen.
- at Skalltaket på Smelteverkstomta skal vera utgangspunkt for pendelbane til Rossnos.
- å sikra at satsinga som vi har starta i Odda sentrum held fram i neste periode. Det skal vera samfunnsbygging som er mellom dei beste og sterkaste i Vestland fylke.
- å arbeida med å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til Ullensvang kommune.
- å halda fram satsinga med næringsfond.

Kraft og industri

Kraft er veldig viktig for Ullensvang kommune. Vi har også i inneverande periode arbeidd knallhardt for at kraftkommunane skal behalda sine kraftinntekter. Over hundre år gamle avtalar som kompensasjon for nedbygde vassdrag, fossar, nedbygd natur med reduserte verdiar for reiseliv og friluftsliv, vart føreslått fjerna av Sanderudutvalet. Vi kjem til å arbeida målretta saman med vasskraftkommunane for å sikra dei lokale rettane. Vi kan ikkje akseptera at dei mest verdifulle kraftanlegga skattar minst. Det har vore mange angrep på kraftinntektene våre frå kommisjonar og fleire utval. Ullensvang Arbeidarparti arbeider for at lokalsamfunnet får ein større andel av verdiskapinga.

Vi vil arbeida for å få på plass minst ei kraftlinje til Odda, slik at industrien vert sikra utviklingsmoglegheiter. Analysar viser at vi har ei betydeleg verdiskaping på «vent». Denne vil raskt forsvinna utan ein forpliktande plan for nødvendig nettkapasitet frå Statnett. Det er berre eit spørsmål om tid før fleire prosjekt finn andre stader å etablere seg. Ullensvang Arbeidarparti vil arbeida for at prosjekta kan realiserast i Ullensvang kommune.

Ullensvang Arbeiderparti går til val på:

- at maksimumsgrensa for taksering av eigedomsskatt skal fjernast.
- at ny kraftlinje til Odda skal etablerast.
- eit nei til inntektsutjevningssutvalet sitt angrep kraftrelaterte inntekter til vertskommunar
- å sei nei til utanlandskablar
- eit ja til oppgradering av kraftverk, men berre dersom fordelene for lokalsamfunnet er større enn ulempene
- å ha offentleg eigarskap til kraft- ressursane.
- å arbeida for gode ordningar for fortsatt Co2 kompensasjon til industrien.
- at industrien framleis skal ha konkurransedyktige kraftprisar mot utlandet, og ha nok tilgang på kraft.
- at støtte til industrielle prosjekt for å utvikla "grøn" produksjon må oppretthaldast og styrkast.
- å ta vare på konkurransefortrinnet vi har gjennom å produsere verdas mest klimavenlege produkt. På grunn av den reine vasskrafta vår er industrien ein viktig del av det grøne skiftet.
- å arbeida for å realisere Hardanger Hydrogen Hub parallelt med utviklingsprosjektet på Eramet i Tyssedal. Odda og Tyssedal er ein av dei seksten "hubbane" i Vestland.

Fruktdyrking, landbruk, skogbruk og fiskeoppdrett

Landbruk er ein av bærebjelkane for busetnad og arbeidsplassar i Ullensvang kommune.

Landbruket gir grunnlaget for eit aktivt og attraktivt kulturlandskap. Det er også til stor nytte for reiselivsnæringa. Ullensvang kommune er «Noregs frukthage» og Hardanger skal bli «Noregs svar på Champagne». Ullensvang Arbeidarparti meiner at grunnlaget er lagt for vidareutvikling av ei sterk husdyr- og fruktnæring i heile kommunen. Næringa må sikrast gode rammevilkår som sikrar lønsemda for små og mellomstore bruk, også i den nasjonale landbrukspolitikken.



Skogen er ein nøkkelfaktor for miljørett binding av karbon. Hogstmoden skog utgjer store verdiar i kommunen, men her er framleis stort verdipotensiale ved meir effektiv kultivering.

Havbruk og fiskeoppdrett langs Hardangerfjorden er blitt ei viktig næring som bidreg til sysselsetting, verdiskaping og matproduksjon i Ullensvang kommune. Ei berekraftig utvikling der ein tek miljø - utfordringane på alvor, vil vera grunnlag for vidare vekst i næringa.

Ullensvang Arbeidarparti går til val på:

- å byggja opp under og marknadsføra Ullensvang kommune som Noregs frukt- og siderkommune.
- å sikra at Ullensvang kommune har kompetente fagmiljø for rådgjeving.
- å byggja opp under forskning og utvikling gjennom m.a. NIBIO Ullensvang og landbruksrådgivinga. Vi støttar arbeidet med å etablera Norsk frukt og sidersenter.
- å utvikla frukt og sidernæringa vidare. Samstundes vil vi stimulera til utvikling av lokale kvalitetsprodukt av kjøt og mjølk. Frukt og sider frå Hardanger er eit merkevarenamn og skal vera eit kvalitetsprodukt som er særlege for regionen.
- at landbruket skal vera sikra kommunale tilskot på lik linje med andre næringar.
- å hindra at landbrukseigedom vert brukt som fritidseigedom.
- å styrka samarbeidet mellom reiseliv, fruktdyrking og landbruk.
- å ha ei strategisk berekraftig satsing på havbruksnæringa.
- å stimulera til auka fokus på skogkultivering og berekraftig utnytting av skogressursane.
- å forvalta ei berekraftig utnytting av utmarksressursane gjennom m.a. jakt og husdyrbeiting

Samferdsel

Ullensvang Arbeidarparti vil arbeida for trygge skule- og arbeidsveggar!

Vi vil ha samferdsle som næringslivet, reiselivet og eksportindustrien kan stola på!

Ullensvang Arbeidarparti vil prioritera rassikring og trygge internsamband i regionen.

Vi vil ha godt vedlikehald av kommunale vegar, med mellom anna vidareføring av satsinga på asfaltering.

Vidare skal vi arbeida for betre veg til Bergen og Oslo.



Ullensvang Arbeidarparti går til val på:

- å trygga og utbetra vegen mellom Tyssedal-Odda (Freim-Kvitur), Jondal og Odda (tunnel), Stana-Teigen, Oddadalen, Brattdalsdalen-Bu. Å få framkomeleg veg utan kolonnekjøring, eller ljósregulering mellom Kinsarvik og Hardangerbrua.
- å realisera prosjekta over Haukeli. Prioritera prosjektet vintersikker veg Seljestad - Røldal - Våglid.
- å arbeida hardt for E-134 med arm til Bergen som er viktig og svært lønnsamt.
- Rv7 er viktig for reiselivet og må ha betre framkome.
- Styrka ferjefrekvens for å auka kapasitet og nattferje i Jondal.
- å sikra at to ferjer Jondal-Tørvikbygd vert permanent.
- å arbeida for framleis å ha siderbåt og turistbåt i Sørfjorden.
- å arbeida for eit godt og korresponderande kollektivtilbod internt og ut av kommunen, t.d. til bygder som Røldal.
- å ha høg beredskap for brøyting av kommunale vegar.
- å arbeida for å utbetra flaskehalsar og få høgare akseltrykk på Fv 550 til Utne og Jondal, samt betre standard i Kråkevikparsellen.

Kultur, idrett, natur, klima og miljø

Vi vil arbeida etter FN sine bærekraftsmål for natur, klima og miljø.

Ullensvang Arbeidarparti går til val på:

- å ta vare på kulturminne og kulturmiljø, med særleg vekt på fruktdyrking og industri som har forma kommunen.
- å vera ein støttespelar for frivillige lag og organisasjonar og utvikla frivilligsentralane.
- å samarbeida med idrettsrådet for å utvikla idrettsanlegga våre ved å løyva tre millionar kroner kvart år til "idrettsmillionen."
- at nasjonalparkane vi har ansvaret for skal vera ressursar for lokalbefolkning og næring
- at fjellrettar, jakt - og friluftsliv skal ivaretakast til beste for innbyggjarane.
- at det ikkje skal etablerast vindmølleparkar på Folgefonnhalvøya.
- å arbeida for miljøvenlege bilparkar i Ullensvang kommune.
- å vidareutvikla arbeidet rundt det freda klyngetunet på Aga.
- å arbeida for at Ullensvang kommune blir kulturhovudstad ved å støtta mellom anna Litteratursymposiet, Blueshelga, Hardanger musikkfest, Morellfestivalen, Røldalsmarknaden og andre kulturarrangement.
- at samarbeid med Kraftmuseet, Røldal bygdemuseum, Hardanger og Voss museum skal prioriterast.
- å etablere eit Knud Knudsen-senter i Odda, og skildra fotokunsten gjennom hans arbeid.



Bustadpolitikk

Bustad er avgjerande for innbyggjarane si velferd i Ullensvang kommune.

Ullensvang Arbeidarparti går til val på:

- å leggja til rette for bygging av minst 550 bustader dei neste ti åra.
- å leggja til rette og samarbeida med private for utbygging av bustadområde ulike stader i heile Ullensvang.
- at ungdomar skal få innpass på bustadmarknaden, mellom anna ved aktivt bruk av startlånsordninga.
- å arbeida for å skaffa passande bustader for ulike behov, aldersgrupper og vanskelegstilte.
- å rassikra Freimslia, og leggja til rette for nye felt i området Freim/Ragde.
- å vera positive til strøtomter, slik at ungdommen kan flytta tilbake til heimbygda.



Våre kandidater



Kandidatliste til kommunevalet 11. september 2023

Plass	Navn	Født	Sted	
1	Roald Aga Haug	1972	Odda	Sosionom og familieterapeut. NAV
2	Eirunn Lothe Midtun	1986	Sollesnes	Driftsteknikker i Akvakultur. Mowi
3	Marit Jensen Måkestad	1963	Odda	Uføretrygda
4	Trygve Bolstad	1951	Odda	Pensjonist
5	Vidar Solvi	1967	Odda	Koordinator/ Postbud
6	Isabel Gundersen Løyning	1993	Odda	Spesialpedagog/saksbehandler. Ullensvang kommune
7	Nils Andre Haugli	1999	AUF	Eletriker. Fonna elektro
8	Amanda Forstrøm	1992	Skjeggedal/Tyssedal	Laboratoriesjef. Tizir
9	Amund Velure	1953	Grimo	Fruktdyrkar og pensjonist
10	Anette Torvund	1976	Nå	Lærer /gårbruker
11	Tor Helge Haara Tjemsland	1985	Røldal	Lektor. Odda
12	Olav Magnus Hammer	1968	Kysnesstrand	Elektromontør, BMI installasjon
13	Solfrid Elisabet Horne-Moe	1957	Tyssedal	Kurs-og opplæringskoordinator. Tizir
14	Jarle Vangen	1960	Odda	Pensjonist
15	Gunn Gravdal Elton	1963	Odda	Journalist/ Daglig leder
16	Knut Flatebø	1966	Jondal	Bonde
17	Marianne Meling	1968	Lofthus	Styrer i barnehage. Lofthus
18	Toralv Mikkelsen	1946	Odda	Pensjonist
19	Andre Botnen	1987	Røldal	Ingeniør Ullensvang kommune.
20	Kari Wagtskjold	1966	Utne	Assistent på Hauso skule
21	Claudio Mentuccia	1976	Lofthus	IKT spesialkonsulent. Ullensvang kommune
22	Ellen Marie Strand	2002	AUF	Lærling
23	Jarle Rasmussen	1975	Skare	Ingeniør Boliden
24	Margreta Kvåle	1956	Skare	Pensjonist
25	Helge Arne Espeland	1978	Jondal	Bonde, mjølkeprodusent.
26	Silje Heidisdatter	1986	Tyssedal	Barne og ungdomsarbeider
27	Svein Myrheim	1965	Røldal	Selvstendig næringsdrivende
28	Ellen Lundal Fjæra	1967	Odda	Hjelpepleier. Ullensvang kommune
29	Jarle Aarsand	1965	Lofthus	Elektromontør/vaktmester Hardanger folkehøgskule
30	Margreta Sandvin Eiken	1955	Herand	Pensjonist
31	John Helge Rasmussen	1952	Skare	Pensjonist
32	Knut Byrkjenes Hauso	1958	Grimo	Fruktdyrkar
33	Nils Johan Ystanes	1968	Tyssedal	HR sjef Tizir
34	Torbjörg Støyva	1946	Odda	Pensjonist
35	Jørgen Grønsdal Bakke	1975	Odda	Mekaniker Eramet
36	Herborg Elise Ullensvang	1939	Odda	Pensjonist
37	Jorunn Sirnes	1963	Odda	Institusjonskokk Bråvolltunet
38	Lasse Tverdal	1998	Tyssedal	Student
39	Kjellaug Hoås Samland	1956	Herand	Driftsleder Mowi